

Radar

2011 nr. 2

Kyrkjeblad for Radøy sokn

27.årgang





DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840 / radoysokn.no

Dagleg leiar Audun Sylta
5634 9840
daglegleiar@radoysokn.no

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840
kontor@radoysokn.no

Sokneprest Kjell Sekkingstad
951 41 360
sokneprest@radoysokn.no

Prostiprest (vikar)
May Irene Wergeland
415 70 582
mayirene@radoysokn.no

Organist J. William Kay
915 91 482
organist@radoysokn.no

Organist Mette H. Hjelmeland
5637 3515

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar Hordabø/Manger
Sølvi Helen K. Mjøs
5637 0588

Kyrkjetenar Sæbø
Kjell Fjellsende 5637 1015

Kyrkjetenar Emigrantkyrkja
Kirsten S. Mellingen 5637 2031

Nytt frå dagleg leiar

Gode Radværingar.

Det er stor aktivitet og vi har mykje å gleda oss over i kyrkja på Radøy om dagen. Damekoret sin sommarkonsert, oppussing på Manger og Hordabø, førebuing til soknerådsval og vitjing av prosten for å nevna noko.

Til liks med kommunane skal vi også ha val til hausten. Vi har rett nok berre ei liste, men den er på den andre sida av god kvalitet. Nominasjonskomiteen har fått ja frå 22 personar som vil vera med i soknerådet. Det skal veljast 8 faste representantar og 5 varafolk. I utgangspunktet er alle likestilte, men som ved kommunevalet er det lov å gje tilleggsrøyster til dei ein vil. Det vert spanande å sjå kven som skal sitja i det nye rådet. Variasjonen i alder og kjønn er god og dei fleste bygder er representert. Vi vil koma attende med presentasjon av kandidatane. Namna finn de på side 8. Fullstendig presentasjon vil koma først på våre internettsider www.radoysokn.no

Kyrkjeforeininga på Manger fornyer gangane og kjøkenet i kyrkja. Til no er alt malt og golvbelegget på kjøkenet er også kome på plass. Nytt kjøken frå IKEA kjem med det første. Heile prosjektet vert kosta av kyrkjeforeininga. Eit flott tiltak.

Hordabø kyrkje har vore på lista for maling nokre år, men no vert det endeleg malt og arbeidet skal utført i løpet av sommaren. Malermester Birger Bruksås frå Sæbø har fått anbodet på arbeidet. Han hadde også malinga på Sæbø kyrkje i fjor så det skulle vera i dei beste hender.

God sommar til alle.
Audun Sylta



Parkering ved Manger kyrkje

Det er frå tid til anna bilar som står parkert ved Manger kyrkje som skapar problem både for funksjonshemma, utrykningsbilar og andre trafikantar. Dette er spesielt problematisk når det er arrangement i kyrkja men også til andre tider når pårørende vitjar gravplassen.

Det er ikkje lov å parkera framfor innkøyrsla (porten) til Manger kyrkje! Kyrkjegardsarbeidarane og andre med oppdrag i kyrkja må kunne køyre inn og ut til ulike tider. Rullestolbrukarar må kunne køyre bilane sine inn på kyrkjetomten når det er arrangement i kyrkja. Ambulansar og brannbilar må òg kunne ta seg inn på området.

Vis omsyn du òg - takk for hjelpa!



Olsokfeiring

Fjon fjellkyrkje
Fredag 29.juli kl 19

Tradisjon tru vert det Olsokfeiring ved Fjon fjellkyrkje fredag 29.juli. I år er det kyrkjelydane i Lindås, Hundvin og Myking som er vert. Det vert ei enkel gudsteneste kl 19 etterfulgt av eit rikt sosialt program!

Servering av rømmegraut og kaffimat (kr 100 pr.pers, med ein makspris på kr 250 pr.familie). Variert program, lynutlodning og sjølvsgatt bålbrenning.

Velkomen til sosialt samvær i Nordhordland si eiga fjellkyrkje!

Radøy sokneråd

Leiar: Ludvig Grindheim
5637 0048

Nestleiar: Jannicke
Waldernes Baug
412 68 341

Gunnar Karveit
Britt Jorunn Tjore
Oddvar Stang
Vidar Grindheim
Wenche Instebø Kvamme
Elin Irene Klausen
May-Cecilie Ulsmog (1.vara)
Torstein Sæbø (2.vara)
Astrid Mellingen (3.vara)
Håkon Lunde (4.vara)

Møteplan
sjå www.radoysokn.no
Alle møta er opne.

Kyrkjelydsutvala

Hordabø: Kjell Sekkingstad,
Sølvi Helen Kvalheim Mjøs,
Irene Soltveit.
Frå soknerådet:
Ludvig Grindheim

Manger: Kjell Sekkingstad,
Astrid Mellingen, Magne
Myrtveit, Sølvi Merete
Mangerøy.
Frå soknerådet:
Oddvar Stang

Sæbø: May Irene Wergeland,
Jostein Dale, Olav Marås,
Solbjørg Vatnøy,
Britt Sissel Kvamme.
Frå soknerådet:
Britt Jorunn Tjore

Om hunden og håra



Det aldeles støkk i meg kvar gong eg kjem over den. Som når eg har ein lenge tiltrengt opprydning i hyllene i stova. Det er ikkje så lenge sidan sist eg hadde det. Og brått har eg hendene i den fine boka. Då går det ei uhyggje og ei sterk undring gjennom meg. Det er noko som ikkje passar i hop.

Ein gong var det eit normalt familieliv. I allefall nokså normalt. Ærverdige, sjarmerande møblar inne. Ute ein liten grasplen, eit lite område som skulle verta deira. Ei hagebok vart kjøpt inn, og studert, vil eg tru. Ei fargerik, blømande framtid – var det det som skulle spira og veksa fram? Borna fekk kvar sitt tre. Sirleg vart det ført inn i boka kva tre som vart planta kva tid. Også datoen for kva tid boka vart kjøpt, står skrive inn. På andre side i boka står kjøpsdagen, saman med navnet på eigaren.

Eit menneske som fell djupt, har også solfylte sider. Eit menneske som fell djupt, kan også ha planta tre.

Kva tenkte mannen då han stod i bokhandelen med denne boka i hendene? Kva glede han seg til å setja i gang med, sjå spira fram? Ei hagebok kjøper ein ikkje om ein ikkje har eit visst langtidsperspektiv. Og ein porsjon mjuke verdiar. Ei hagebok er for dei som gler seg over livet og det vakre. Eller?

Eit år etter at boka vart kjøpt, gjorde mannen noko frykteleleg. Han drap eit menneske. Og vart fengsla og dømd.

Eg møtte han og nokre andre då eg ein gang var i Bergen Fengsel. Eg og fleire andre fekk høyre nokre innsette sine tankar om det kjensleladde temaet å ha ein far eller ei mor som sit i fengsel. Lite visste eg at Gud neste dag skulle senda

ei kvinne i min veg. Denne kvinna viste seg å vera tidlegare sambuar til – ja, drapsmannen. Han som dagen før fortalde om si sut for ungane og for henne, som måtte bera ansvaret og skammen åleine, og som han gjerne ynskte skulle fått litt hjelp. Så gjekk det altså berre nokre timar før denne mora fann vegen til meg. Det var ei oppsiktsvekkjande røynsle, berre dét, korleis Gud nokre gongar førebur og legg til rette, sender menneske i vår veg.

Vi kom godt overens, eg og mor til barna hans, til denne dag gjer vi det. Det var ho som lånte meg den – hageboka.

Eg treng den jo ikkje no, sa ho og slo ut med armane i sin nye, kommunale bustad.

Hus og grasplen var ein saga blott. Slik gjekk det til at ei spesiell hagebok står i bokhylla mi. Og som innimellom gjer at eg kvepp til. For den minner meg om ei aldeles frykteleg handling. Og endå meir om at ein aldri veit kva som kan skje i livet. Brått kan tilværet vera snudd heilt opp ned, og ei hagebok vert det siste du treng. Men boka peikar også på noko heilt anna enn syriner og duftande roser. Den ropar ut, der den står, at eitkvart menneske har draumar og tankar, spirande ynskjer og håp som overgår det ein skulle tru, som er utanfor det ein ventar at nettopp denne personen går rundt med.

Eit menneske som fell djupt, har også solfylte sider. Eit menneske som fell djupt, kan også ha planta tre. Kan også ha gledd seg over det blømande, velduftande. Og ein gong ha venta at han skulle få sjå det veksa fram, det han sette i jord.

Det gjekk ikkje slik. Nær på alt var annleis enn han venta den dagen han stod i bokhandelen, det tør eg vedda på. Drapsmannens hagebok er det største paradokset eg veit om.

Takk Gud for at han innimellom gjer det heilt tydeleg for oss at ingen er berre det vi ser eller ventar. Eitkvart menneske er så mykje meir, enn det omgjevna trur og ser. Alle har noko godt som kan dyrkast fram, og ofte treng vi lys og varme frå andre for at det gode i oss skal vekse og gro. Då gjeld det at vi ikkje skuar hunden på håra. Det finst både indre og ytre hagar.

Godt hagearbeid!

May Irene Wergeland



Døm ikkje, så de ikkje sjølve skal bli dømde! Etter dommen de dømmer med, skal de sjølve dømmast, og i det same målet de sjølve måler med, skal det målast opp til dykk. Kvifor ser du flisa i auget til bror din, men bjelken i ditt eige auge merkar du ikkje? Eller korleis kan du seia til bror din: "Lat meg ta flisa ut av auget ditt", når det er ein bjelke i ditt eige? Din hyklar! Ta først bjelken ut av ditt eige auge! Då ser du klårt og kan ta flisa ut av auget til bror din

Matteus 7, 1-5

Takk, Olav!

Kyrkjegardsarbeidar Olav Mellingen gjekk over til å verta pensjonist på heil tid i april. Han har hatt full stilling i mange år, men har dei siste 3 åra hatt 60 % stilling.

Olav er ein arbeidsmann som ser positivt på det meste og løyser oppgåvene på ein framifrå måte. Vi kjem til å sakna hans gode humør og treffande replikkar. Han har no fylt 67 år men er framleis sprekare enn dei fleste og kan sjå fram til mange år som aktiv pensjonist. Han har gard på Sletta og reknar ikkje med å verta arbeidsledig.

Olav sine kunnskapar var avgjerande når det skulle lagast gråsteinsmurar. Dei murte steingardane på Manger og Bø ligg som eit minne om ein fagmann som kunne jobben sin. I sommar skal han vera vikar og vert å sjå rundt på kyrkjegardane som før. Vi vil nytta høvet til å takka Olav for mange års trufast teneste, og ynskjer han alt godt i tida som kjem.

Fjon - vår eiga fjellkyrkje

Fjon Fjellkyrkje er ein kombinert leirplass/kyrkje som ligg i Matredal i Masfjorden kommune. Ho ligg vakkert til ved inngangen til Stølsheimen og Matrefjella.



Kyrkja er eigd av alle sokneråda i Nordhordland prosti, og vert brukt av ulike lag, kyrkjelydar, forsamlingar, organisasjonar og privatpersonar, i hovudsak frå Nordhordland og Bergensområdet. Det er plass til ca.40 overnattingsgjestar, fordelt på 8 soverom.

I dag er kyrkja utleigd omtrent kvar helg i vår og haustsemesteret. Ho er også utleigd til bl.a konfirmasjonar, bryllaup, gebursdagar. Av anna faste aktivitetar kan nemnast Skjærtorsdagsgudstenester og Olsokstemne.

Kyrkja er ein flott plass å reisa også saman med andre familiar eller ein venegjeng. Nokre har tatt med seg barn og barnebarn og tilbrakt for eksempel påskeferien på Fjon. Me vil trekkja fram sommaren som ei fin tid å vera der - og då er kyrkja lettare å leiga på kort varsel. Sjå vår internettside www.fjonfjellkyrkje.com for meir informasjon.

Min salme



Eg har vorte oppfordra til å koma med ein salme eg har eit spesielt forhold til!

Det tykkjer eg er vanskeleg, fordi eg likar å syngja og fordi der er så mange fine songar. No vil vel kanskje nokon synast at det ikkje er noko spesielt med denne; men for meg betyr den ein god del. Både fordi det er ein fin tone, den seier litt om naturen vår og landsdelen og ikkje minst om akkurat årstida me er inne i.

For meg betyr den noko spesielt. Salmen eg tenkjer på er Fagert er landet! Eg ynskjer med dette ein fin sumar, og utfordrar Halldis Vågenes til å skrive neste gong!

Ludvig Grindheim.

Fagert er landet du oss gav,
Herre, vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
soli ho sprett og ho glader,
signar vårt land i nord og sud;
såleis di åsyn lyser, Gud,
over vårt Noreg i nåde.

Likjest vårt folk i mager jord
skjelvande blomen på bøen,
står utan livd i vind frå nord
tett innmed kanten av snøen.
Herre, du ser med miskunn ned,
folket vårt gjev du livd og fred,
er oss så kjærleg ein Fader.

Tidi ho renn som elv mot os,
fort skifter sumar med vetter.
Fader, ver alltid Noregs los
radt til dei seinaste ætter!
Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,
varda vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar!

Seniorsamling på Helgatun Fjellpensjonat

NMS med Jan og Randi Ulveseth, Øyvind og Gerd Øy, Aud og Knut Risnes som vertskap ønskjer velkomen til seniorsamling på Helgatun Fjellpensjonat i Myrkdalen på Voss frå torsdag ettermiddag 15.09 og til søndag ettermiddag 18.09.

“Gamlebispen” Ole D. Hagesæther vert med og skal m.a. gi oss “bibelsk niste” med på vegen. Elles skal han og Else Liv gi oss eit ferskt og sjølvopplevd møte med Madagaskar.

Det vert satsa på eit triveleg fellesskap ute og inne, turgåing, oppbygging og inspirasjon. Samlinga er open for alle! Plass i påmeld rekkefølge.

Nærare orientering om opplegg, reisemåtar og prisar kan ein få ved å kontakta tlf. 40406044 (Alvhild Vassel Eide). Påmelding kan ringast 40406044 eller sendast til ave@nms.no



Kandidatliste ved soknerådsvalet i Radøy sokn

FULLSTENDIG PRESENTASJON KJEM PÅ RADOYSOKN.NO

Namn	Fødselsår	Adresse
Ludvig Grindheim	1940	Hordabø
Elin Irene Klausen	1965	Manger
Gunnar Olav Kartveit	1950	Manger
Marta Grønstad Hvidsten	1961	Manger
Kenth Remy Nesbø	1989	Hordabø
Gudrun Rikstad	1955	Hordabø
Wenche Ingebø Kvamme	1961	Sæbø
Britt Jorunn Kalnes Mogen	1966	Sæbø
Per Bjørkhaug	1950	Hordabø
Silje Røynstrand	1975	Sletta
Simon Walther Grandahl	1977	Sæbø
Elna Tvedt Bauge	1961	Manger
Britt Sissel Kvamme	1963	Sæbø
Oddbjørg Dragøy	1938	Manger
Oddvar Egil Stang	1952	Sletta
Dagny Kvalheim	1945	Hordabø
Rolf Adelstein Espenes	1949	Sæbø
Kristen Kvalheim	1967	Hordabø
Silje Kristin Ellingsen	1978	Sæbø
Synnøve Ramsvik	1973	Hordabø
Kirsten Oline Helland	1938	Manger
Norunn Villanger	1951	Hordabø

Oppteljingsreglar er endra slik at alle kandidatar på lista får like stor sjanse til å verte valt. Veljaren kan gje kandidaten ei tilleggstrøyst ved å setje kryss ved sida av namnet, tilføye namn på vallista ein gong eller stryke kandidatar ved å setje ein strek over namnet. **Alle andre kandidatar får ei stemme kvar i oppteljinga. Dersom lista vert levert uretta, vil alle på lista få ei stemme kvar. Ein som har førehandsrøysta kan ikkje røysta på nytt på valdagen!**

Kyrkjeval i eit historisk år for kyrkja.

2011 er eit godt år å arrangera kyrkjeval. Dei nærmaste åra skal rammene for det nye kyrkje-statforholdet verta avgjort. Ei ny kyrkjeordning skal vedtakast. Nye liturgiar skal gjerast kjende og takast i bruk i kyrkja.


Kyrkjevalet i 2011 skal haldast samstundes med kommunestyre- og fylkestingsvalet.

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som fyller 15 år i løpet av 2011 vil få røysterett. For å kunne stille til val er det framleis 18-årsgrense.

Valordninga ved soknerådsvalet vert elles som før.

Soknerådet består av sokneprest pluss 8 valde medlemmer. Det er 5 varamedlemmer.

Kyrkjevalet
2011
www.kyrkjevalet.no



Di kyrkje
Ditt val

Bruk røysteretten
11.-12. september



www.kyrkjevalet.no


DEN NORSKE KYRKJA

**Førehandsrøysting i Radøy mellom
10.august og 9.september
på kyrkjekontoret,
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Mandag til fredag kl 10-14**

Kvar søndag er ein påskedag

Nokre tankar om gudstenestereforma i Den norske kyrkja

Når kristne over heile verda samlast til gudsteneste på søndagen, følgjer vi ein tradisjon som går like tilbake til den eldste tid i kyrkja. Det var Jesu oppstode den første dagen i veka som gjorde at ein fekk ein ny dag til gudstenestefeiring.

Søndagen vart gudstenestedag for dei kristne (Apg 20,7). Denne dagen kom dei saman og feira Jesu død og oppstode, og slik at det vore heile tida sidan, gjennom 2000 år. Å velja denne dagen samsvara òg godt med at søndagen vart oppfatta som “den første skapingsdagen”. Kristi oppstode inneber også ei nyskaping.

Gudstenesta på søndagen er ei påskedagshending kvar veke, på grunnlag av Kristi forsoning. Her er pulsslaget for livet i kyrkjelydene, hos oss og over heile verda: Kvar søndag er ein påskedag.

Liv frå kjelder utanfor oss sjølv

I gudstenesta møter Gud oss som den nærverande og handlande. Kyrkjelyden lever av at Gud handlar gjennom nådemidla, Ordet og sakramenta. Når vi les evangeliet og bryt brødet, blir vi dregne inn i det som hender og blir samtidige med det. Her gjeld det som blir kalla Guds evige no, utan dei avgrensingane som tid og rom elles set for våre liv.

Difor har gudstenesta alltid hatt preg av forventning, anten det er i glede eller i sorg vi samlast for Guds andlet. Vi får be, slik det står i ein av salmane våre: Kom til oss Gud, og gi oss liv fra kilder utenfor oss selv (Svein Ellingsen). Vi gjer det fordi vi deler ei von og ei erfaring med dei første kristne: Verken død eller liv [...] skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre (Rom 8,38-39).

Frå framtida kjem den krossfeste og oppstadne inn i våre liv med kreftene frå Gudsriket. Død og grav er ikkje lenger det siste, men oppstode og evig liv. Vi har vona om at det sukket av lengt som går gjennom alt det skapte, skal få si utløyning i fridom og herlegdom (Rom 8,21).

Saman for Guds andlet

I gudstenesta kjem menneske saman for å søkja Gud. Å feira gudsteneste blir i Salmane i Det gamle testamentet uttrykt slik: å koma fram for Guds andlet, i glede og i ærefrykt. I Salme 42 heiter det: “Mi sjel tørstar etter Gud, etter den levande Gud. Når kan eg få koma og tre fram for hans åsyn?”

Kva gudsteneste er kan samanfattast i dei fire orda *saman for Guds andlet*. Vi kan ha mange og ulike grunnar for å gå til gudsteneste. Den djupaste grunnen ligg likevel ikkje i oss sjølv, men i at Gud kallar oss saman til gudsteneste. Det ser vi i forteljninga om Israels utferd frå Egypt, der Gud seier: “Lat folket mitt fara, så dei kan halda gudsteneste i øydemarka” (2 Mos 7,16). Folket vart fridd frå slaveriet og frigjort til gudsteneste.

Gudstenesta har sitt eige formål. Her tener Gud oss, og vi tener Gud, fordi Gud vil ha fellesskap med oss. Jesus Kristus stadfester dette når han seier at ”der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei” (Matt 18,20).

For den første kristne kyrkjelyden var det sjølv sagt å samlast til gudsteneste. I Apostelgjerningane blir det sagt slik: “Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbringa og bønene” (Apg 2,42).

I nesten to tusen år har den kristne gudstenesta vore feira - og i vårt eige land i meir enn tusen år. Heile denne tida har gudstenesta hatt ein felles grunnstruktur, med Ordet og Nattverden som hovudelement, og med søndagen som dagen for feiring av Kristi oppstode og nærvær. Mykje anna som vi opplever som viktig i gudstenesta, har variert med tid og stad, og artar seg ulikt også i dag. Samtidig har kyrkjesamfunna nærma seg kvarandre, ikkje minst ved at den rolla som medlemene av kyrkjelyden har i gudstenestelivet, har vorte styrkt.

Heile gudstenesta er prega av at vi er saman for Guds andlet. Difor blir gudstenesta avslutta med den urgamle aronittiske velsingane: “Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.” (4. Mos 6,24-26)

At Guds andlet lyser over oss, er avgjerande for vår eksistens, også når vi går kvar til vårt. Då blir vi sende ut til teneste i kvardagen, for Gud, medmenneska våre og alt det skapte.

Teksten er henta frå Gudstenesteboka 2011 og “Heilag handling, heilag tid, heilagt rom: ei innføring i gudstenesteforståing” frå Kyrkjerådet.

Gudstenestereforma og kyrkja på Radøy

Radøy sokn må utarbeida og vedta ei “lokal grunnordning” for korleis gudstenestaformen skal vera her på Radøy.

Kjerneverdiar for gudstenesta skal vera: Fleksibilitet, involvering, stadeingjering. Det skal leggast vekt på universell utforming og inkluderande språkbruk.

Kyrkjelyden vil heretter sitja under to av tekstlesingane og berre reise seg for evangelieleinga.

Større fokus på at gudstenesta er kyrkjelyden si, ikkje presten eller kantoren si! Kyrkjelyden skal delta i gudstenestefeiringa på fleire måtar.

Forbøna i gudstenesta bør vera lokalt forankra og forbønsleiaren bør helst vera ein medliturg (medhjelpar).

Nye tekstbøker med 3 teksttrekkjer. Vert tekne i bruk 1.s.i.advent 2011.

Ny salmebok kjem i 2013. Ny gudstenestemusikk kjem i 2011-2012.



Vår (nye) mann på kyrkjegardene...

De har kanskje sett at Arne Palmesen har fått ny medarbeidar på kyrkjegardane, og de har kanskje tenkt som meg, Kven er han? Kor kjem han frå?

Så då ein torsdag, ute på Hordabø, lurte eg meg til å stilla nokre spørsmål, so me kan få bli litt bedre kjend med denne kjeledressmannen..

Namn. Anbjørn Vindenes

Sivilstatus. Samboer

Alder. 51

Bur. Åsane

Pizza el kjøttkaker? Kjøttkaker

Radio el TV? begge deler

Piknikk el restaurant? Piknikk

Teltur el hotell? Hotell

Donald el VG? VG

Kaffi eller te? Kaffi

Bil eller motorsykkel? Bil

Joggebukse eller dongeri? Dongeri

Fisk eller pølser? Fisk

Nettavis eller papirutgåve? Begge deler

Sjåfør eller pasasjer? Sjåfør

Utenlandsferie eller innenlands? Begge

delar

Fjell eller sjø? Fjell

Anbjørn er ein triveleg kar med godt humør, me håpar att han trivest her i soknet vårt!! Velkommen til oss!!

Ute med radaren var Sølvi Helen

Korarbeid i kyrkjelyden

Sæbø barnekor

Kontaktperson

Irmelin Hordvik eihordvi@online.no

Barnekoret Baluba

Kontaktperson

Astrid Wergeland Mellingen
906 32 915

Hordabø barnekantori

Kontaktperson

Sølvi Helen Kvalheim Mjøs
5637 0588

Radøy damekor

Kontaktperson Elin Klausen

951 36 562

Ta gjerne kontakt med korleiarane for meir informasjon

Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
06.03 Søndag før faste	Sjelesorgsenteret Haraldsplass	779,00
09.03 Oskeonsdag	Familie og medier	400,00
13.03 1.sundag i faste	Ungdom i oppdrag	2567,00
20.03 2.sundag i faste	Kirkens ressursenter mot vold & seksuelle overgrep	2297,50
27.03 Maria bodskapsdag	Norsk søndagsskuleforbund	2374,50
03.04 4.sundag i faste	Kristent interkulturelt arbeid (KIA)	1595,50
10.04 5.sundag i faste	Changemaker	1242,00
17.04 Palmesundag	Norges KFUK-KFUM	2323,00
24.04 Påskedag	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet	2848,00
01.05 1.sundag etter påske	Blå kors Norge	1948,50
07.05 Konfirmasjon Hordabø	Trusopplæring i Radøy	2844,00
	Trusopplæring i Radøy	4012,50
08.05 Konfirmasjon Manger	Trusopplæring i Radøy	4878,00
	Trusopplæring i Radøy	5389,00
14.05 Konfirmasjon Sæbø	Trusopplæring i Radøy	5210,50
	Diakoni og Kyrkjemusikk	3380,50
15.05 Konfirmasjon Sletta	Trusopplæring i Radøy	2006,00
	Diakoni og Kyrkjemusikk	2409,50
17.05 Manger	Kirkens nødhjelp	4250,00
17.05 Hordabø	Kirkens nødhjelp	4060,50
17.05 Sletta	Kirkens nødhjelp	1920,00
17.05 Sæbø	Crihance Veche-aksjonen	5034,00
22.05 4.sundag etter påske	Den norske Israelmisjonen	2009,16

Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):

kr 5.790,00

Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):

kr 24.340,00

Offer til andre organisasjonar:

kr 35.648,16

Opningstider for kyrkjekontoret i sommar

I sommar har kyrkjekontoret opent som fylgjer:

Mandag, tysdag og torsdag kl 10 - 14.

Dette gjeld i perioden frå 27.06 til 08.08.

Hugs at de kan bruka våre nettsider

www.radoysokn.no for å finna meir informasjon og andre måtar å koma i kontakt med oss på. De kan òg fylgja oss på Twitter: @radoysokn

Korleis har du det eigentleg?

Kirkens SOS

815 33 300

www.kirkens-sos.no



Familiennytt



Døpte

27.03.2011 Kim-Daniel Ramsdal
Rosenlund
27.03.2011 Isabel Mongstad
27.03.2011 Malene Leistad Quam
27.03.2011 Celin Ramsdal Rosenlund
17.04.2011 Wilgot Matland Randefalk
17.04.2011 Cornelius Helbro Dalland
17.04.2011 Emma Røsland Tvedt
24.04.2011 Magnus Haugland
22.05.2011 Jonathan Nesse Vågenes
29.05.2011 Øyvor Christiansen Urhaug



Vigde

28.05.2011 Marita Ottesen og
Bjørn Eide Breistein

Døde



01.04.2011 Berta Bauge
05.04.2011 Malvin Kvalheim
08.04.2011 Olaug Hole Vetås
29.04.2011 Torleif Myksvoll
10.05.2011 Gerda Paulsen

Konfirmasjonar 2012

Datoane for konfirmasjonsgudstenestene i
Radøy i 2012 er som følger:

Laurdag 5.mai Manger
Sundag 6.mai Sæbø
Laurdag 12.mai Sletta
Sundag 13.mai Hordabø

Det er diverre ikkje mogleg for oss å oppgje
datoar meir enn eitt år fram i tid.

Minnegåve Olaug Hole Vetås

I samband med Olaug si gravferd kom det inn
kr. 5 941 som gåve til Sæbø kyrkje.

Kyrkja set stor pris på denne gåva og takkar
familien, slekta og venene til ho som no er borte.

Hjarteleg takk!

MANGER GRAVMONUMENT

5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale
terje.skjelvik@broadpark.no



BLOMSTERFORRETNING
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

KVALHEIM VVS
AUTORISERT RØRLEGGJERFIRMA

Postboks 1 - 5931 MANGER



Tlf 5637 4073
Måndag - fredag 0900-1630
Laurdag 1000-1400



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



Nordhordland
Begravelsesbyrå AS

Vi ordner alt vedrørende
dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410
www.nordh-bb.no

HENRY RATH
AUTORISERT ELEKTROINSTALLATØR

5939 SLETTA



Tlf 56 37 21 08 970 94 785
Henry@Rath.no 56 37 11 95



MTI
IT SERVICE



Vatne Begravelsesbyrå AS

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon
Tlf 56 35 16 61 - Kontor

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

BYGGER'N

Stevnebø Byggevarer
8-16/10-14 - Tlf. 56 34 94 60



SparebankenVest

REMA 1000

bare lave priser

Manger Senter
09-22 (20) 5637 2255

Catering
Samfunnshuset Skogen LL
Mat til alle anledninger som
begravelser, konfirmasjon, årsdager.
Snitter, koldtbord, middag mm
Be om pristilbud på
Tlf. 56372236/ 90774250

Geir Kvalheim
Glasservice
5936 Manger — 56 37 03 71
Alt i glass, dører og vinduer

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat

ENTREPRENØR
Rune Ulvatn AS

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

søndag 5. juni	1100	Tjorehagen. Friluftsgudsteneste.
søndag 12. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
mandag 13. juni	1300	Hordabø (katedralen). Friluftsgudsteneste.
søndag 19. juni	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 26. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 3. juli	1100	Emigrantkyrkje. Gudsteneste.
søndag 10. juli	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 17. juli	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 24. juli	1900	Manger kyrkje. Aftansong.
søndag 31. juli	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 7. august	1900	Sæbø kyrkje. Aftansong.
søndag 14. august	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 21. august	1100	Hordabø kyrkje. Konfirmantjubilium.
søndag 28. august	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 4. september	1100	Manger kyrkje. Konfirmantpresentasjon.
søndag 4. september	1600	Hordabø kyrkje. Konfirmantpresentasjon.
søndag 11. september	1100	Sæbø kyrkje. Konfirmantpresentasjon.
søndag 18. september	1100	Manger kyrkje. Konfirmantjubilium.

Kyrkjevalet 2011

www.kyrkjevalet.no



Di kyrkje
Ditt val

Bruk røysteretten
11.-12. september



www.kyrkjevalet.no

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett. Gå til radoysokn.no.
Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene,

**Neste nummer av Radar kjem ut i august 2011 (veke 35).
Frist for innsending av artiklar/bilete er 2.august 2011.**

**Presentasjon av kandidatane til soknerådsvalet vil vera
lagd ut på radoysokn.no i god tid før førehandsrøysting
tek til! Følg oss på Twitter (@radoysokn) for å få melding
når presentasjonen er klar!**

Redaksjon: J.William Kay, Britt Jorunn Tjore, Elin Klausen, Ludvig Grindheim
Utforming: J.William Kay • E-post: radar@radoysokn.no
Framsidedeilete: "Summer", © Pandy Mill Glass Studio, UK
Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn